



venstre

**Framtida kan bli
en ren fornøyelse**

**Sandnes Venstres program
2007 – 2011**

Velkommen til Sandnes Venstre

- sunt folkestyre i sunn by

Visjon

Sandnes skal være en trygg og trivelig kommune, styrt av engasjerte fritidspolitikere.

Vi ønsker et åpent og ukomplisert lokalsamfunn.

Veljarlovnad

To begrep er viktige for Venstre: sosialt ansvar og fridom. Kommunen skal ikkje blanda seg opp i folk sitt privatliv. Men mange oppgåver som gjeld lokalsamfunnet vårt, må me vera saman om å løysa. Kommunen må vega ulike interesser opp mot kvarandre.

Representantane frå Sandnes Venstre vil stå for ein ansvarleg og langsiktig politikk. Me går ikkje inn for lettvinne og populistiske løysingar. Me vil ha like gode tenestetilbod innan skule, omsorg og barnevern som det andre kommunar har, og da må me også vera budde på å bruka dei same inntektskjeldene som andre kommunar nyttar.

Kommuneøkonomien skal aldri vera til hinder for at folk får oppfylt dei lovfesta rettane sine, same kva kommunal sektor det gjeld.

Folkelig deltaking i et åpent og demokratisk samfunn

Respekt for enkeltmennesket og ansvar for fellesskapet er grunntanker for Venstre. Frihet skal bygges på likeverd, og da må grensa for den enkeltes handlinger gå ved hensynet til medmenneskene.

Sandnes Venstre mener at samfunnsspørsmål angår oss alle.

- Vi sier ja til fritidspolitikere og brei politisk deltaking. Vi sier nei til et styre av få og profesjonelle heldagspolitikere. Vi vil derfor øke antall medlemmer i bystyret. Sandnes Venstre var imot å redusere bystyret fra 69 til 49 medlemmer i 2003!
- Vi vil styrke bydelsutvalgene som voktere av nærmiljøet. Bydelsutvalgene må få større myndighet slik at de kan fungere som idètorg og ta initiativ.
- Vi vil støtte og stimulere lag og organisasjoner som påtar seg lokalt og samfunnsnyttig arbeid.
- Vi vil verne om lokal identitet og sikre innbyggerne rimelig nærhet til politiske og administrative organer. Brukerundersøkelser er et viktig verktøy for å få fram folk sine meninger.
- Vi vil arbeide aktivt for å styrke interkommunalt samarbeid, slik IVAR og den felles legevaktordninga er gode eksempler på.
- Sandnes Venstre mener at det er på tide å skille ut nye bydeler. Blant annet Bogafjell må bli egen bydel, med eget bydelsutvalg!
- Sandnes Venstre ser at Nord-Jæren har store utfordringer med omstrukturering og utbygging. Venstre vil sikre at innbyggerne i Sandnes får gode tjenestetilbud med reell folkevalgt styring. Derfor mener vi at det alltid må føres en fordomsfri debatt om hvilken nytte regionstruktur, samkommune, interkommunalt samarbeid, og endret kommunestruktur kan ha som virkemiddel for dette.

God oppvekst for barn og unge

Sandnes kommune vokser, og antall barn og unge øker mest. Dette stiller store krav til offentlig innsats, ressursbruk og planlegging for å gi barn og unge best mulig oppvekst.

Skolen

I åra framover vil kunnskap og kompetanse være enda viktigere for verdiskapingen. Skolen i Sandnes skal ha fokus på kunnskap og respekt mellom elev og lærer.

Sandnes Venstre vil:

- at skolen i Sandnes skal være en attraktiv arbeidsplass med et dyktig personale. Sandnes Venstre vil derfor innføre kompetanseår for lærerne.
- at skolene skal ha godt inneklima og uteområder som legger opp til aktivitet og gir nærhet til naturen.
- øke ressursene til integrering av fremmedspråklige i skolen, slik at de lærer norsk og får kjennskap til norsk kultur og levesett.
- gå inn for at elever med særskilte behov også sikres ressurser i SF0.
- styrke og videreutvikle samarbeid omkring risikobarn, der ansatte i skolen, helsetjenesten, sosialtjenesten og kulturkontoret deltar. Foreldre/foresatte må tidlig med i dette arbeidet.
- styrke Pedagogisk-psykologisk tjeneste med flere stillinger.
- at skolene fungerer som møtesteder og kultursentra i bydelene også utenom ordinær undervisning. Vi prioriterer derfor skoler i nærmiljøene!
- at kommunen skal legge til rette for at foreldre som ønsker nynorsk som første opplæringsmål for barna sine, alltid skal få oppfylt de lovfesta rettighetene sine.

Kulturskolen

Sandnes kulturskole gir et godt tilbud, men har altfor liten kapasitet i forhold til behovet. Musikk, dans, drama og bilde er kreative uttrykksformer som alle barn og unge i Sandnes fortjener å få tilbud om.

Sandnes Venstre vil:

- arbeide for at Kulturskolen får best mulig arbeidsvilkår og utviklingsmuligheter.
- at skolen gir et bredt tilbud ut fra ønsker og behov hos brukerne.
- at noe av virksomheten skal være desentralisert til bydelene, der det er naturlig.

Fritidstilbudene

Barn og unge ønsker fritidsaktiviteter og et sted å være. Frivillige lag og organisasjoner og de kommunale fritidsklubbene står for det meste av organiserte fritidstiltak. Men barn og unge trenger også fritid som ikke er organisert.

Sandnes Venstre vil:

- at fritidsklubbene skal være levende sentra i alle bydeler, med nødvendig kommunal støtte. Fritidsklubber må komme tidlig på plass i nye bydeler.
- øke støtten til frivillige lag og organisasjoner som driver barne- og ungdomsarbeid.
- hjelpe idrettslaga til å gjøre en enda bedre jobb i bydelene. Det er et stort udekket behov for idrettsanlegg. Dette må prioriteres i de neste åra!
- legge til rette for at velforeninger og lignende tar ansvar for lekeplasser og naturlekeplasser i nærmiljøene.

Levande kultur, lokal identitet

Sandnes har eit rikt kulturliv. Kultur er viktig for folk i alle aldrar, og er ein viktig del av livsgrunnlaget vårt. Ein levande og mangfoldig kulturpolitikk styrkjer lokalsamfunnet, vernar om verdiar, oppmuntrar til nyskaping, stimulerer næringslivet og aukar tilgangen på kvalifisert arbeidskraft.

Sandnes Venstre vil:

- at Kulturhuset skal vera for alle. Husleigestøtte til lokale utøvarar må ha eit nivå som gjer at dei har råd til å bruka huset.
- styrkja Sandnes bibliotek med innkjøp av fleire bøker og lyd/bildemedier, særleg barne- og ungdomsavdelinga. Bibliotek er folkeopplysning, og bør også vera ope om søndagen!
- at Sandnes skal ha fleire møtestader der me kan treffa folk frå andre kulturar som bur i kommunen.
- at kommunen må stimulera til vekst og utvikling for kunstnarleg aktivitet, som musikk, bildekunst, kunsthåndverk, dans og drama. Sandnes treng kunstnarane, og Sandnes treng eit Kunstens Hus!
- at fortida må bli presentert slik at folk får interesse for og kunnskap om byen vår og dei som bygde den, og blir stolte over det. Me må kjenna fortida for å forstå framtida.
- Både den norske kyrkja, religiøse og humanitære organisasjonar gjer eit viktig arbeid for alle aldersgrupper og for folk i livskriser. Sandnes Venstre vil stø dette arbeidet.
- Eit triveleg utemiljø er også kultur. Folk i Sandnes må få oppleve kvalitet gjennom god arkitektur og estetisk og funksjonell utforming av fellesareala.



Blomstrende næringsliv og grobunn for nyskaping

Lønnsomme bedrifter er grunnlaget for kommunens inntekter. Kommunen blir bedre å bo i hvis Sandnes har et allsidig næringsliv.

- Sandnes Venstre mener at kommunen må legge til rette for et allsidig og samfunnsengasjert næringsliv, basert på gründervirksomhet og nyvinning.
- Det skal være enkelt å starte og drive næringsvirksomhet.
- Kommunen bør stø gründerer, oppfinnerer og oppfinnerspirer.
- Kommunen må utvikle nye næringsareal, både for industri, kontor og handel.
- Kultur har selvsagt egenverdi! Kultur er også god næringspolitikk. Det er for eksempel nær sammenheng mellom kulturaktivitet og reiselivsnæringa.

Tryggare med gode helse- og sosialtenester

Gode sosiale nettverk og eit levande kulturliv er viktige vilkår for helse og trivsel.

Sandnes Venstre vil framleis tala saka til dei altfor mange i Sandnes som ikkje har gode nok tilbod, sjølv om dei ikkje er blant dei som skrik høgast! Dette gjeld både eldre, fysisk funksjonshemma og menneske med psykiske lidningar, i alle aldrar.

Sandnes Venstre vil:

- at brukarmedverknad må stå sentralt i alle helse- og sosialtenester.
- at unge psykisk utviklingshemma må få eigen bolig når dei har behov for dette og ikkje måtta stå på venteliste i ei årrekkje.
- at kvalitetssikring alltid må gå framfor driftsform i helse- og omsorgstenestene.
- at alle eldre skal få slik omsorg som høver for kvar enkelt. Derfor ønskjer me ei balansert utbygging med tilbod på alle omsorgsnivå - både eldresentra, heimetenester, bufellesskap, dagsentra og sjukeheimar. Dei eldre bør få bu i sin eigen heim så lenge dei vil, og det er forsvarleg.
- styrkja førebyggjande tiltak for god psykisk helse hos barn og ungdom og styrkja oppfølging av risiko-barn og -ungdom.
- styrkja skulehelsetenesta.
- rusta opp barnevernet, slik at det kan greia dei store nye oppgåvene som følgjer med stor vekst og mange barn og unge i Sandnes. For at barnevernet i Sandnes skal koma på høgde med andre kommunar, treng det fleire stillingar.
- vil sikra vidare utvikling og volum av det psykiske helsearbeidet, også etter at den sentrale opptrappingsplanen er slutt.
- førebyggja og redusera dei store helsemessige, sosiale og økonomiske problema som følgjer av rusmisbruk. Alkoholfrie tilbod til ungdom må styrkjast i bydelane og i sentrum.
- sikra ressursar til å gjennomføra boligsosial handlingsplan, med fleire boligar for vanskelegstilte. Bruk av hospitsplassar er både dårleg og dyrt! Mange av desse brukarane treng ein stabil busituasjon for å kunna meistra meir i kvardagen, og det er også eit vilkår for å få LAR-tilbod. Dette er eit kommunalt ansvar!

Eit godt miljø er ein viktig del av kvardagen vår

Me har alle eit forvaltaransvar for livsmiljøet. Venstre trur at me kan skapa ei framtid med mangfald og økologisk balanse. Sandnes kommune har ein god miljøplan, og det er viktig å følgja den opp.

Sandnes Venstre vil:

- at nye bygg i Sandnes skal vera lågenergibygg og kunna bruka fornybare energikjelder.
- at det blir utarbeidd ein eigen klimarekneskap for kommunen, og plan for reduksjon av klimagassar.
- at veganlegg må bli bygde slik at dei tek skikkeleg omsyn til nærmiljø, natur og estetiske verdiar. Både nye og gamle boligområde må få god støyskjerming, med kulvertløyseringar der det trengst.
- framleis gå inn for utbygging og opprusting av gang- og sykkelstiar i kommunen, og særleg raske sykkelstiar til dei store næringsområda på Forus.
- verna om område med verdifullt dyre- og planteliv når nye felt blir bygde ut. Plassatjern er eit godt eksempel på eit slikt område.
- leggja godt til rette for kollektivtrafikk, både buss og bybane, både i etablerte og nye område. Det må etablerast kollektivfelt. Bare på den måten kan nyttetraffikken koma fram. Kollektivreiser bør vera gratis i rushtida!
- heller ha korttidsparkering enn langtidsparkering, men med nok parkeringsplassar for dei som vil reisa vidare med buss eller tog.
- saman med Unge Venstre stå på for meir rettferdig handel. Me vil at Sandnes skal vera ein Fairtrade-by!
- Sandnes Venstre er opptatt av korleis byen vår skal utvikla seg og sjå ut i framtida.
- Sandnes Venstre meiner at:
 - det må etablerast fyllestasjonar for alternativt drivstoff.
 - hovedvegar gjennom tettbygde område må førast gjennom miljøkulvertar.
 - byen må få tilbake kontakten med fjorden. Både Vågen og områda på begge sider av Gandsfjorden må gjerast meir tilgjengelege, med strandsone og kyststi.
 - strandsona er eit begrensa fellesgode for rekreasjon og opplevingar som må bli sikra for alle, no og i framtida!
 - det er eit politisk ansvar å styra utviklinga. Enkeltprosjekt må ikkje få lov til å øydeleggja for heilskapen.
 - vidare utbyggjing skal skje austover for å spara verdifull dyrkingsjord andre stader på Nord-Jæren.
 - det skal stillast strenge krav til dyrevelferd.



Slik vil me at kommunen vår skal utvikla seg

Sandnes er i sterk vekst, og derfor er det så viktig å tenkja langsiktig og sjå ting i samanheng. I eit regionalt perspektiv er det naturleg at Sandnes gir plass til størstedelen av utbygginga på Nord-Jæren, så langt me kan halda rimelege nivå på dei kommunale tenestene våre. God kommunal planlegging er nødvendig, særleg for utbygginga av nye boligområde.

Sandnes Venstre meiner at:

- Sandnes må få eit ringvegssystem utanom sentrum. Kryssing av Gandsfjorden må på plass, det same må firefelts E39 forbi Bogafjell. Kommunen må leggja til rette for å styrka kollektivtrafikken.
- boligbygging i eksisterande sentra gir betre utnytting av vegnett, kloakk, skular og andre grunnlagsinvesteringar. Tettare utbygging i sentrumsnære område er eit viktig alternativ til nye, isolerte boligområde, men bukvaliteten må sikrast. Det må vera eit mål å få minst mulig reisetid mellom bolig og arbeidsstad.
- Sandnes har rikeleg med turområde, sjø og vassdrag, og desse friareala må vera tilgjengelege for folk flest. Alle bydelane bør få sin eigen turveg. Sandnes må framleis vera restriktiv til hyttebygging og til bygging i strandsona.
- Sandnes må også i framtida vera ein viktig jordbrukskommune. Derfor bør ein vera varsam med å ta god jordbruksjord til utbygging. Livskraftige gardsbruk er ein del av næringslivet og mangfaldet i Sandnes, og er dessuten viktig for å sikra eit variert miljø.
- Sandnes skal vera ein trygg by både natt og dag. Politistasjonen bør vera døgnåpen!
- natteravnar i bydelane og i sentrum framleis skal vera eit viktig bidrag for å skapa eit trygt miljø.
- Sandnes havn bør gå i lag med interkommunal havn i Risavika, for å sikra effektiv havnedrift på Nord-Jæren.
- det må bli utarbeidd reguleringsplan for Luravika, som legg til rette for sykkelsti, friområde og småbåthavn.

Folk og identitet i sentrum.

Sandnes er bydelane sin by - på godt og vondt. Mest på godt. Men Norges åttande største by må også ha eit frodig og triveleg sentrum, som skal vera meir enn ein livleg handlestad. Sentrum er også kommunen sin viktigste møteplass, eit midtpunkt som skal visa fellesskap, identitet, historie og særpreget vårt. Sentrum må bli utvikla vidare, og handel, kultur og mulighetar for varierte opplevingar må stå sentralt. Eksisterande bebyggelse i den gamle bykjernen langs Langgata er ein viktig miljøfaktor som vidare utvikling må innretta seg etter. Det er ikkje framtidretta å bygga fantasilause og arealeffektive nybygg i Langgata for å prøva å konkurrera med kjøpesentra utanfor bykjernen. Historia viser at det er dei best bevarte bysentra som greier seg best i konkurransen om kundane.

Sandnes Venstre vil:

- at Norestraen skal vera eit kombinert boligområde og næringsområde.
- at offentlege uterom må høva for alle aldersgrupper, med fontener, skulpturar, leikeapparat og benkar.
- at det må stillast krav om god byggeskikk ved ombygging, påbygg eller nybygg.
- at sentrum må bli grønnare og lysare, med romslege grøntdrag i Vågenområdet. Sentrum må ikkje bare vera eit grått betongområde!

Sandnes Venstres visjon

Sandnes skal være en trygg og trivelig kommune, styrt
av engasjerte fritidspolitikere.

Vi ønsker et åpent og ukomplisert lokalsamfunn.



venstre

Du finner mer på våre internettsider:

sandnes.venstre.no

e-post: sandnes@venstre.no

tlf. 90 58 08 44